



Mats Ulriksen Lilletvedt

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/3973 - 15/36498

Saksbehandlar:

Siril Therese Sylta

SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:

02.12.2015

Svar på spørsmål om bruksendring av fritidsbustad til heilårsbustad - gbnr 147/56 Sellevoll

Viser til din e-post datert 24.11.2015 der det vert stilt spørsmål om bruksendring av fritidsbustad til heilårsbustad.

Eigedommen ligg i område avsett til landbruk, natur og friluftsområde i kommuneplanen sin arealdel, og innanfor omsynssone landbruk. Ein søknad om bruksendring til heilårsbustad er i ikkje i samsvar med arealføremålet, og krev søknad om dispensasjon.

Bruksendring er eit tiltak som er søknadspliktig etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 bokstav d, for deg betyr det at du må ta kontakt med eit føretak/entreprenør som kan forestå søknaden for deg, jf. pbl § 20-3.

Dette betyr at det føretaket som søker må levere ein søknad på line med eit nybygg.

Søknad om dispensasjon og søknad om bruksendring kan sendast inn samla. Dispensasjon krev grunngjeven søknad. Søknadane må nabovarslast i samsvar med krava i pbl § 21-3.

TEK10:

Bygningsteknisk kyndig person må undersøkje og liste opp om bygget er i tråd med krava i TEK10/kor det ikkje er tråd med krava.

Dersom søknad om bruksendring skal realitetshandsamast utan at tekniske krav etter TEK10 vert oppfylt, kan ein enten dokumentere at ein oppfyller krava i pbl § 31-2 eller søke om dispensasjon frå TEK10. Det må dokumenterast kva type utbetringar som let seg utføre/gjevast dokumentasjon på kor store avvika blir i forhold til krava i TEK10.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Dersom det blir søkt om dispensasjon frå TEK10, må det presiserast nøyaktig kva det blir søkt om dispensasjon for, mao. kva for eit krav i forskrifta ein søker dispensasjon for. Søknaden må grunngjevast.

Vatn og avløp:

Det må dokumenterast kva avløpsløyising og vassforsyning eigedomen har. Vass- og avløpsløyisinga må stetta krava til heilårsbustad og vere i samsvar med krava i pbl §§ 27-1 og 27-2

Veg:

Det må leggest fram dokumentasjon på avkjørsel til fylkesveg for heilårsbustad. Det må søkast til Statens vegvesen om å utvide bruken av den eksisterande avkøyrsla til fylkesvegen, då et bustadhus vil føre med seg større trafikkbelastning på ein veg enn ein fritidsbustad gjer.

Uteopphaldsareal og parkeringsløyisingar:

Det må visast at eigedomen oppfyller krava til minimum 200 m2 MUA (minste uteopphaldsareal), jf. krava for bustad i kommuneplanen sin arealdel. Det må også visast to parkeringsplassar på eigedomen, evt. framtidig garasje, samt at bilar kan snu på eigen grunn.

Her er link til side over søknadsskjema:

<http://dibk.no/no/BYGGEREGLER/Byggesoknader/Byggesaksblanketter/>

Privatrettslege forhold:

Du står ikkje oppført som eigar av eigedommen. Dersom det skal sendast inn søknad, må den signerast av eigar eller det må ligga ved skriftleg fullmakt frå eigar om rett til å søka på hans vegne.

Med helsing

Siril Therese Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Mats Ulriksen Lilletvedt